

Pressemelding nr 11-2 .2011

## SAMSUNG vel STADT No-Loss teknologi for nye skip

Verdens største skipsverft - Samsung Heavy Industries i Korea, har bestilt elektrisk framdriftsteknologi frå STADT AS i Gjerdsvika. Det er det patenterte No-Loss Drive systemet frå STADT som no får innpass i verdens største skipsbyggingsnasjon.

### Ny generasjon miljøvenlege skip med LNG-elektrisk framdrift

Samsung har saman med mellom anna Incheon Port Authority of Korea sett stort fokus på utvikling av ein meir berekraftig framdriftsteknologi for sine skip. Reduksjon av CO<sub>2</sub>, NO<sub>x</sub> og brennstoff er viktige mål, samt overgang frå olje til gass.



### Gass-elektrisk er ei gunstig løysing

Det å separere kraftproduksjonen frå propellsystemet slik ein kan gjere i ei gass-elektrisk løysing er svært gunstig. Gassmotorane får gå med ei jamnare belastning uavhengig av kor mykje kraft ein vil ta ut på propellen som er driven av STADT sitt effektive elektriske No-Loss drivsystem.

Bilde 1: STADT Gass-elektrisk framdrift

### Internasjonalt gjennombrøt

For STADT AS representerer ordren eit internasjonalt gjennombrøt for den nye teknologien. At det er nettopp Samsung som her går i spissen med å ta den i bruk internasjonalt i eit høgt profilert miljøprosjekt er ikkje mindre interessant, og gir håp om at dette berre er starten på ein kraftig internasjonal ekspansjon for STADT, seier direktør Hallvard Slettevoll i STADT AS. Sidan 2008 er det i tillegg 6 norsk skip som har fått installert tilsvarande teknologi, men då i diesel-elektrisk utførelse. Driftserfaringane med desse skipa er svært gode, og er langt på veg eit prov på at teknologien er langt meir robust enn den teknologien som STADT og andre konkurrentar har hatt tidlegare. Den nye No-Loss styringa er designa for ei levetid på meir enn 25 år.

### Stadig aukande interesse for heil-elektrisk framdrift

STADT har brukt lang tid på utvikling av dette som er deira 5. generasjons teknologi. Med 25 års erfaring innan marin elektroteknisk utvikling, er det gledeleg å sjå at arbeidet ber frukter på ein måte som kan få global betydning for miljøet, samtidig som det vil gjere internasjonal skipsfart meir berekraftig og betre inntjeninga for rederia, seier Hallvard Slettevoll.

### **STEALTH AC – støyfri teknologi i verdensklasse**

Ein av mange teknologiske fordelar med det nye STADT-systemet, er at det er fullstendig støyfritt, både med hensyn til elektromagnetisk utstråling EMI, samt minimalisert akustisk støy og vibrasjonar. Dette er eigenskapar som har vist seg svært verdifulle på seismikkfartøy og fiskefartøy der systemet er i bruk i dag. Men det vil ha endå større viktighet i militære prosjekt, noko som truleg vert eit av fleire vekstområder for STADT sin teknologi internasjonalt, trur Slettevoll.

### **AC-teknologi framfor bruk av DC**

Over fleire år har STADT sett at mange av driftsproblema ein hadde ved sine tidlegare generasjonar omformarteknikk kunne skrivast tilbake til den utstrakte bruken av kondensatorar og likestraumsmellomkrefts som ein då var avhengig av. Med den nye teknikken har STADT klart å minimalisere bruken av DC og kondensatorar, noko som er ei hovedforklaring på den høge driftssikkerheita og den garanterte lange levetida på utstyret.

### **Grunnlag for auka aktivitet i Gjerdsvika**

Som eit resultat at det nye samarbeidet med Samsung, er STADT no ute etter fleire nyttilsette ved fabrikk i Gjerdsvika, både ingeniørar, selgarar og montørar. Ein kan no også intensivere arbeidet med å bygge ny fabrikk og kontorbygg som har vore under planlegging ei stund.



**BILDE 2: Typisk installasjon med STADT elektrisk framdrift. Elektromotoren her i midten, generatorar på sida.**

